

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim	FA - C66, HistSak - 09/833	15/857

Saknr	Utval	Type	Dato
035/2017	Formannskapet	PS	19.04.2017
	Kommunestyret	PS	

Elektronisk arkivplan for Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre godkjenner Elektronisk arkivplan for Masfjorden kommune slik den er lagt ut på denne nettadressa.

<http://masfjorden.arkivplan.no/>

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Den gamle papirbaserte arkivplanen for Masfjorden kommune var frå 1998 og laga i samarbeid med Interkommunalt Arkiv i Hordaland.

Utviklinga har gått framover og nye elektroniske sakssystem er blitt teke i bruk.

I mars 2012 inngjekk Masfjorden kommune avtale med Arkivplan.no om programvare/verktøyet som ein skal bruka når ein skal laga ein elektronisk arkivplan. Denne avtalen regulerer bruksrett til programvare på arkivplan.no med tilhøyrande drift og vedlikehaldsavtale for oppgraderingar. Avtalen forutset at kommunen er medlem av Interkommunalt Arkiv, noko som Masfjorden kommune har vore frå tidleg 80 tal.

Interkommunalt Arkiv Hordaland tok i 2014 kontakt med alle kommunane i Nordhordland om det var ynskje om å få laga ein elektronisk arkivplan. Dei ville då organisera ein workshop der kommunane skulle ha nokre samlingar på IKAH å få hjelp og rettleiing til å få laga arkivplanen. Dette sa kommunane ja til.

Arkivplanen er meint å vera eit levande dokument som lett skal kunna oppdaterast dersom det skjer endringar i kommunen som går på organisatoriske tilhøve, rutinar, innkjøp av ny programvare osv.

Fakta

Elektronisk arkivplan for Masfjorden er lagt ut på heimesida under planar. Den ligg og lagt ut på intranett for å vera lett tilgjengeleg for dei tilsette.

<http://masfjorden.arkivplan.no/>

Vurdering

Det er framleis ting som kan leggast inn i arkivplanen, den skal vera eit levande dokument, men pr i dag så er det mykje nyttig informasjon å finna. Nokre døme: organisasjonskart for kommunen, politisk organisering, alle kommunale utval, lenker til diverse lover, rutiner for post og journalføring, sakshandsamingsreglar, osv. Ein finn og lenker til ein del kommunale reglement som personalreglement, delegeringsreglement, reglement for folkevalde og tilsette.

Dette er eit nyttig dokument for tilsette i kommunen.

Konklusjon

Masfjorden kommunestyret godkjenner Elektronisk arkivplan for Masfjorden kommune.

Formannskapet - 035/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommunestyre godkjenner Elektronisk arkivplan for Masfjorden kommune slik den er lagt ut på denne nettadressa.

<http://masfjorden.arkivplan.no/>